

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FE-033, TI-&00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 25.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/21	Alver formannskap	02.12.2021
025/21	Valnemnda	16.12.2021
167/21	Alver kommunestyre	16.12.2021

### **Mandat evaluering av politisk styringsstruktur og reglement**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet set ned ei gruppe på fem medlemmer for å utarbeide framlegg til evaluering av politisk styringsstruktur og reglement.
2. Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem:

Medlem:

3. Framlegg til ny politisk styringsstruktur og reglement skal til høyring i råd og utval, samt relevante lag og organisasjoner.
4. Gruppas konklusjonar, etter høyringa, skal vere klar til handsaming i formannskapet 2.6.22

#### **Alver formannskap 02.12.2021:**

#### **Handsaming:**

Saka vert sendt til avgjerd i kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg, med endring pkt 1 fra formannskapet til kommunestyret, var samråystes vedteke.

#### **FO- 114/21 Vedtak:**

1. Kommunestyret set ned ei gruppe på fem medlemmer for å utarbeide framlegg til evaluering av politisk styringsstruktur og reglement.
2. Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Leiar:

Nestleiar:

Medlem:

Medlem:

**Medlem:**

3. Framlegg til ny politisk styringsstruktur og reglement skal til høyring i råd og utval, samt relevante lag og organisasjoner.
4. Gruppas konklusjonar, etter høyringa, skal vere klar til handsaming i formannskapet 2.6.22

#### **Valnemnda 16.12.2021:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:**

Gruppa vert utvida til 6 medlemmar.

Framlegget fekk 4 røyster og fall

**Framlegg frå A.Byrknes-KRF:**

Gruppa vert utvida til 7 medlemmar.

Framlegget vart vedteke med 5 røyster.

Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Medlem Øyvind Oddekalv vara Nina Bognøy

Medlem Thomas Larsen vara Nils Marton Aadland

Medlem Astrid Aarhus Byrknes vara Asle Hetlebakke

Medlem Sølvi Knudsen vara Leif Taule

Maria Færø vara Morten Klementsen

Medlem Leif Johnsen vara Sveinung Toft

Medlem Nina Øvreås vara

Innstilling nestleiar og vara for Nina Øvreås vert lagt fram direkte i KO

**Framlegg frå A.Byrknes-KRF:**

Leiar Øyvind Øddekalv

Framlegget vart samråystes vedteke

#### **VALN- 025/21 Vedtak:**

Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Medlem Øyvind Oddekalv vara Nina Bognøy

Medlem Thomas Larsen vara Nils Marton Aadland

Medlem Astrid Aarhus Byrknes vara Asle Hetlebakke

Medlem Sølvi Knudsen vara Leif Taule

Maria Færø vara Morten Klementsen

Medlem Leif Johnsen vara Sveinung Toft

Medlem Nina Øvreås vara

Leiar: Øyvind Oddekalv

Nestleiar:

#### **Alver kommunestyre 16.12.2021:**

**Handsaming:**

**Innstillinga frå formannskapet pkt 1(med endring til 7 medi.),3 og 4 vart samråystes vedteke**

**Innstilling frå valnemnda:**

Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Medlem Øyvind Oddekalv vara Nina Bognøy

Medlem Thomas Larsen vara Nils Marton Aadland

Medlem Astrid Aarhus Byrknes vara Asle Hetlebakke

Medlem Sølv Knudsen vara Leif Taule  
Maria Færø vara Morten Klementsen  
Medlem Leif Johnsen vara Sveinung Toft  
Medlem Nina Øvreås vara Esben Helland

Leiar: Øyvind Oddekalv  
Val av nestleiar og vara for Nina Øvreås vert lagt fram i kommunestyret.

Framlegget vart samråystes vedteke.

**Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:**

vara for Nina Øvreås vert Esben Helland  
Nestleiar: Astrid Aarhus Byrknes  
Framlegget vart vedteke mot 5 røyster (M.Klementsen-uavh., H.Breivik-uavh., Aa.Karlsen-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og K.O.Larsen-uavh.)

**KO- 167/21 Vedtak:**

1. Formannskapet set ned ei gruppe på sju medlemmer for å utarbeide framlegg til evaluering av politisk styringsstruktur og reglement.
2. Til å utarbeide framlegg til oppdatert politiske styringsstruktur og reglement, veljast:

Leiar: Øyvind Oddekalv vara Nina Bognøy  
Nestleiar: Astrid Aarhus Byrknes vara Asle Hetlebakke  
Medlem Thomas Larsen vara Nils Marton Aadland  
Medlem Sølv Knudsen vara Leif Taule  
Maria Færø vara Morten Klementsen  
Medlem Leif Johnsen vara Sveinung Toft  
Medlem Nina Øvreås vara Esben Helland

3. Framlegg til ny politisk styringsstruktur og reglement skal til høyring i råd og utval, samt relevante lag og organisasjoner.
4. Gruppas konklusjonar, etter høyringa, skal vere klar til handsaming i formannskapet 2.6.22

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjeraast i formannskapet

Link til gjeldande politiske reglement

<http://img1.custompublish.com/getfile.php/3543557.2391.qfebfcqpw/Intensjonsavtale+Meland.+Radøy+og+Lindås+endeleg+08.06.16.pdf?return=www.nordhordland.net>

Link til intensjonsavtalen

<https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoymingar/styringsdokument/>

**Bakgrunn:**

I fellesnemnda vart det nedsatt ei prosjektgruppe på fem medlemmar som utarbeida framlegg til styringsstrukturen, gjeldande for Alver kommune frå 2019. I intensjonsavtale for «Nordhordland kommune» er det i kapittel 6 – Demokratimodellen, omtalt at det nye kommunestyret evaluerer politisk organisering. Gjeldande politiske styringsstruktur vart vedteken av fellesnemnda. I tråd med gjeldande reglement for formannskapet, er det formannskapet som skal kome med innstilling til kommunestyret innanfor «politiske

leiings- og samordningsoppgåver».

**Kva saka gjeld:**

Alver kommune er no på vei mot ny kommunestyreperiode, og i god tid før valet bør den gjeldande politiske organiseringa gjennomgås og vurderast opp mot dei erfaringane vi har. I prosjektmandatet frå 2018 var det henta inn formuleringar frå intensjonsavtalen. Det er mellom anna erfaringane knytt til dette som no bør evaluerast.

I siste avsnitt under kap. 2 «Visjon» står det følgjande:

*Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggjarane sin felles identitet, ivaretak lokaldemokratiet og gjer den nye kommunen og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver, jamfør vedtak i Stortinget. Den nye kommunen vil aktivt søkja om å kunne ta på seg nye oppgåver og mynde slik at det lokale demokratiet i størst mogeleg grad kan styra utviklinga i eigen kommune.*

*Under 3. Verdiar, mål og prinsipp* står det mellom anna følgjande:

- *Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.*
- *Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.*

*I kap. 4 «Kvifor ny kommune: fordeler og ulemper» er følgjande ulempene tatt med: «Nokre av ulempene vil kunne vera større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane.» Det er viktig at dette prosjektet tek tak i dei relevante delane av dette.*

I arbeidet med å evaluere politisk styringsstruktur, før kommunevalet i 2023, legg vi difor følgjande til grunn for det vidare arbeidet:

- Organiseringa skal innrettast slik at den bidreg til å styrke lokaldemokratiet og sikre at sentrale demokratiske verdier som openheit, offentlegheit og innsyn, medvirkning og deltaking, vert ivareteken.
- Organiseringa skal innrettast slik at den styrker den politiske styringa av kommunen og legg til rette for høg kvalitet på dei politiske prosessane og avgjarda som vert tekne.
- Organiseringa skal innrettast slik at dei folkevalde har gode arbeidstilhøve og moglegheit til meiningsfullt politisk arbeid, basert på det mandat og den oppslutning dei har fått ved val

**Tema som skal vere gjenstand for evaluering:**

- Tal medlemmar i kommunestyret, formannskap og andre utval/råd
- Kva utval skal vi ha?
- Fordeling av oppgåver og fullmakter mellom kommunestyret, formannskap, utval og råd.
- Eventuelle økonomiske konsekvensar skal synleggjera
- Eventuelle andre tema knytt til gjeldande styringsstruktur og reglement

Framlegg til organisering skal til høyring i råd og utval samt relevante lag og organisasjonar. Gruppas arbeid skal vere klart for handsaming i formannskapet 2. juni 2022 og kommunestyremøte 16. juni 2022. Dersom det vert naudsynt å revidere «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking» vert dette å kome attende til i eiga sak.

**Vedlegg i saken:**

25.11.2021 Mandat politisk styringsstruktur 2018

1649902